

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ



KREFTFORENINGEN

Att: Ordfører og Rådmann

Bergen 16.06.2015

Kreftkoordinator

Dei siste tre åra har Kreftforeningen hatt ei satsing på å støtte og bidra til å finansiere 130 Kreftkoordinatorer i meir enn 215 kommunar i landet. Ein del av desse som interkommunale løysingar.

Ein kreftkoordinator;

- Er til hjelp for å koordinere og tilretteleggje kvardagen for kreftsjuke og pårørande på ein best mulig måte.
- Er ansvarleg for å samordne tilbod og tenester rundt kreftpasientane i kommunen.
- Skal være lett tilgjengelig for pasientar og pårørande.
- Skal bidra til gode rutinar og system for kreftomsorg i kommunane.

Erfaringane og tilbakemeldingar så langt er svært gode frå kommunane og stadig fleire kommunar melder om at dei og ser ein økonomisk gevinst med stillinga. Funksjonen er og løfta i «Nasjonal handlingsplan mot Kreft 2015 – 2017» kor det står at kommunane skal ha etablert kreftkoordinator innan 15.12.2016.

For dei kommunane som er med i ordninga bidreg Kreftforeningen med 75% av lønskostnadane til kreftkoordinator dei tre første åra. Vi ser så gode resultat av satsinga at vi utvidar ordninga med å bidra med 60% av lønsmidlane også i eit fjerde år om stillinga vert driven etter intensjonane.

Styret i Kreftforeningen har no i tillegg løyvd ein ekstra sum som skal brukast til å invitere utvalde kommunar til å søkje om å bli med i ordninga. For Kreftforeningen distrikt Vestlandet sin del så ynskjer vi å prioritere å komme i dialog med Lindås kommune. Vi vil høyre om det er interesse og mulig å etablere et samarbeid og eventuelt invitere dykk til å søkje på lønsmidlar til ein kommunal eller ein interkommunal kreftkoordinator i regionen.

Sidan midlane ikkje vert lyst ut opent, ynskjer vi å få til eit snarleg møte med Lindås kommune for å drøfte saka og avklare kva som er mogeleg.

Vi håpar De finn dette interessant og ser frem til å høyre frå Dykk.

Med venleg helsing

Kreftforeningen

Geir Vangsnes

Distriktsjef